



# DEN NORSKE KYRKJA

## Høyanger Kyrkjelege fellestråd

Marcus Thranes gate 3  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Høyanger 24.02.2023

### Møteprotokoll Høyanger kyrkjelege fellestråd

**Møtedato:** 23.02.2023

**Møtetid:** Kl. 10.00

**Møtestad:** Kommunestyresalen i Høyanger Rådhus

#### Til stades:

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Tonje Førde Systad, Rolf Aamot, Sissel Sørebo, Frode Merkesvik, Andreas Ester, Stig Jonny Fitje, Ali Kharrat.

#### Fråverande:

Torunn Styve, Kenneth Førde

#### Kopi av møteprotokollen går til:

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Austreim, Aud Kjersti Haugen, Torunn Styve, Monica Sunde Tjønnås, Alf Magnar Svartemyr, Ingunn Østerbo, Toril Bjørkum, Geir Sørebo, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ørjan Haram, Gerda Otterstein, Ali Kharrat, postmottak Høyanger kommune.

#### Sakliste:

##### Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok

Innkalling, sakliste og møteprotokoll frå siste møte vart godkjent utan merknader.

#### Meldingssaker:

- 001 Soknepresten har ordet**  
Soknepresten las ein bibeltekst, og delte nokre tankar omkring den.
- 002 Rekneskapsrapport 2022**  
Rekneskapsrapporten 2022 er ikkje ferdigstilt enno, men viser eit meirforbruk på 432 485. Kyrkjevevja gjekk detaljert gjennom rekneskapsrapporten, og forklarte dei ulike postane. Overskridingane har si årsak i svikt i festeinntekter kr. 107 600, Meirutgifter KLP kr. 34 000, meirutgifter annonser kr. 82 300, meirutgifter bygg og anlegg kr. 38 000, og unyttede midlar til trusopplæring kr. 179 668, som er avsett på bunde fond.
- 003 Tilskot kyrkjeval 2023**  
Høyanger kyrkjelege fellestråd har fått tildelt kr. 79 312 til avvikling av kyrkjevalet 2023
- 004 Skisse og kostnadskalkyle for HC- toalett i Ortnevik**  
Brannvernbygget i Ortnevik i nærleiken av Ortnevik kyrkje er planlagt bygt i år, og HKF har bede om at også HC – toalett må bli prosjektert i brannvernbygget, ettersom det ikkje er mogeleg å få til HC toalett i Ortnevik kyrkje. Kostnaden med HC – toalett må difor innatt i økonomiplanen, og vi må søkje Høyanger kommune om dette. Investeringa låg tidlegare inne i økonomiplanen med 200 000, men vart strøken. Kalkylen no er på 300 000.

## Vedtaksaker:

### 001/23 Årsmelding HKF 2022

Årsmeldinga låg ved sakspapira som var utsende.

**Vedtak:** Årsmelding HKF 2022 vart godkjent med dei endringar som vart notert av kyrkjeverja i møtet. Samrøystes.

### 002/23 Godkjenning av Rekneskap HKF 2022

Rekneskapen til HKF 2022 var ikkje ferdig avslutta til møtet.

**Vedtak:** Godkjenning av rekneskapen til HKF 2022 vert utsett til den føreligg i ferdig avslutta stand frå økonomikontoret i Høyanger kommune. Samrøystes.

### 003/23 Utskiftning av alarmsendarane i kyrkjene

Noverande 2G alarmsendarar i kyrkjene er utdaterte, og må skiftast før 2G nettet vert stengt.

**Vedtak:** HKF går inn for at alarmsendarane i kyrkjene vert skifta i samband med årskontroll, og vil nytte seg av Bravida sitt reviderte tilbod på kr. 34 500 + mva. Samrøystes.

### 004/23 Pristilbod på kalking og gjødsling av gravplassane i Høyanger

Anleggsgartner Baarøy har sendt oss pristilbod på kalking og gjødsling av gravplassane i Høyanger. Dette er ei tilleggsteneste som firmaet har opsjon på etter kontrakten. Totalkostnaden ligg på kr. 95 130 eks. mva.

**Vedtak:** HKF ser at det kan vere behov for dette arbeidet, men finn ikkje økonomisk rom for det i 2023. Samrøystes

### 005/23 Søknad frå avtroppande kyrkjeverje om utkjøp av jobbmobil og jobb-Pc.

Avtroppande kyrkjeverje har søkt HKF om å få kjøpe sin jobbmobil og jobb-Pc til kalkulert restverdi når han sluttar 31.03.2023. Fellestrådsleiar skriv saksutgreiing, og utformar framlegg til vedtak i denne saka, der kyrkjeverja ikkje er til stades.

**Vedtak:** Søknad frå avtroppande kyrkjeverje vert imøtekomen mot innbetaling av kr. 5 000,-. HKF føreset at aktuelle data vert gjort tilgjengelege for ny kyrkjeverje, og at data av tenestemessig karakter elles vert sletta frå einingane før privat utkjøp finn stad. Samrøystes.

For Høyanger kyrkjelege fellestråd

Bjørnar Otterstein  
Kyrkjeverje